



Audun Eik og Kåre K. Rød i ferd med å avslutte det flotte oppussingsarbeidet.

17. mai skal to jubileum markerast i Uskedalen. At det er 200 år sidan grunnlova vart underskriven på Eidsvoll vil verta markert over heile landet. Her i bygda har vi endå eit jubileum då det er 100 år sidan Bautasteinen vart avduka.

I kveld vart Bautasteinen gjort klar til fest. No er den høgtrykksspyla, og alle namna er tydelege då ein dugnadsgjeng hadde malt kvar einaste bokstav med pensel og svart lakk. Då eg kom forbi litt før klokka halv ti, var dugnadsgjengen i ferd med å avslutte arbeidet.

Det var litt av ein jobb. Mange bokstavar skulle lakkast, nøye og presist. Dei starta kl. 18.10 og brukte såleis 3 timar og eit kvarter på å pusse opp den knapt 5 meter høge steinen.

Dugnadsgjengen bestod av Kåre K. Rød, Audun Eik og Bjørgulv Eik. Eldbjørg og Ole Sivertsvoll stilte med stigar og var oppmuntrande publikum.



No framstår bautasteinen nyoppussa og fin til 17.mai. Foto, tekst og nett: Thor Inge Døssland